

INNLEGG DIALOGMØTE OM LANGTIDSPLANEN – AUD HOVE, FYLKESORDFØRAR INNLANDET

10. OKTOBER 2023 KL 15.20-15.25

Innlandet ER eit viktig beredskapsfylke både for forsvaret, matproduksjon og ikkje minst infrastruktur som må fungere for å få soldatar, forsyning og sivile fram. Sviktar infrastrukturen, sviktar forsvarsevna. Det er ikkje mange vekene sidan Norge vart delt i to på grunn av flaumstengde vegar og jernbane i Innlandet.

Vi har store areal som både har fungert og som vil fungere til å bygge opp eit forsvar som nasjonen treng for framtida. Styrking av Forsvaret sin kapasitet i Innlandet vil vere rasjonelt og gunstig for Norges samla forsvarsevne. Det eksisterer betydeleg relevant infrastruktur og moglegheiter i fylket både på grunn av det som allereie er lokalisert i Innlandet, gjenbruk og på grunn av vår strategiske og geografiske plassering mellom nord-sør og aust-vest.

Ei etablering av Brigade Sør i Innlandet vil bli eit forsvarsmessig kraftsentrum sentralt plassert i Norge. Vi har også:

- Cyberforsvaret på Jørstadmoen og sterke sivile cybermiljø
- Eit stort potensial for felles rekruttskule på Terningmoen
- Det ligg godt til rette for å flytte Krigsskulen til Rena leir
- Vi har tidlegare Haslemoen som eit særskilt viktig kapasitetssupplement
- Og vi har sterke utdanningsmiljø for HV som bør forsterkast; Dombås, Lillehammer, Elverum og Rena.

Skyte- og øvingsfelt har i dag marginal nødvendig infrastruktur ift den forventede auka. Her kan offentleg-privat samarbeid og sivilt-militært samarbeid og samordning for å sikre samfunnsøkonomiske etableringar og drift vere løysinga. Her vil vi trekke fram Haslemoen og andre tidlegare etablerte forsvarsanlegg i Innlandet.

Kompetanse, kraftforsyning, mat- og vannforsyning, cybersikkerheit, infrastruktur og klimaendringar er noko av det ein må samarbeide om, på tvers av forvaltningsnivå. Da må det prioriterast nok personell, herunder befalsutdanning, og ein god sikkerheitspolitisk forståing og pengar til opprustning.

Vi ser også at vi må styrke forsvarsindustrien, som Nammo og Kongsberggruppen. Da må også Forsvarets anskaffelser og gjenkjøpsavtaler (industrisamarbeidsavtaler) bli utforma på ein slik måte at små og mellomstore bedrifter får større moglegheit til å delta. Vi treng sterkare nasjonal industriell beredskap.

Det er viktig med ein heilheitleg tankegang med totalforsvar for både krise og krig, saman med eit sivilsamfunn med situasjons- og kriseforståing og evne til nødvendig mobilisering. Heimevernet er eit døme på dette, som Innlandet har hatt god nytte av ved store flaumsituasjonar – seinast no i august!

Vi i Innlandet støttar også eit sivilt kompetanseløft om sikkerheit, beredskap og forsvar i samfunnet og viktigheita av å løyse ting tverrsektorielt og sjå ting i samanheng. Både situasjonsforståing og kriseforståing vil gjere at tilliten til tiltak og avgjersler blir styrka og vil virke førebyggjande mot desinformasjon og konspirasjonsteoriar.

Vi meiner også at det er heilt nødvendig med eit forsterka samarbeid mot digitale truslar, mot digital feilinformasjon, kontroll på digital infrastruktur og større kontroll over internett og informasjonsflyt.

Men - vi kan ikkje sentralisere Forsvaret – det vil føre til destabilisering. Dei ytre etatane må prioriterast! Ei auke av Forsvaret må ikkje gå til meir administrasjon og byråkrati, men til meir aktiv teneste ute. Vi kan heller ikkje bygge opp eit forsvar med vekependling og heimekontor, men med tilstedeværelse på tenestestadene for å kunne ha beredskap døgnet rundt, alle dagar i veka. Det vil styrke Forsvaret og det vil styrke totalberedskapen vår. God beredskap må vere lokalt forankra – det gjeld både personell, materiell, kompetanse og myndigheit og er ei føresetnad for eit velfungerande totalforsvar og sivilt-militært samarbeid.